



KVINNHERAD
K O M M U N E

Ordfører

Kommunestyret

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Vegard Bjørnevik		2026/21-18		20.04.2026

Svar på spørsmål - Kommunestyremøte 19.02.2026

Synnøve Solbakken, Ap:

Spørsmål ang. landingsplass for Luftambulansse og Redningshelikopter i Kvinnherad.

Landingsplass har til no vert på Sunde eit industriområde som no skal nyttast som lagringsplass og er ikkje lenger aktuell som landingsplass for ambulansse/redningsteneste.

I dag må tenesta leita etter egna landingsplass når dei er ute på oppdrag med kritisk sjuke pasientar. Dette er ein uheldig situasjon som ikkje kan halde fram.

Kvinnherad har i dag ikkje godkjend landingsplass.

Luftambulansse har slik ambulanssetjenesta opplyser rundt 35-50 pasientar som går til Haukeland/Stavanger med Luftambulansse i året.

Behov og ønskje er eit asfaltert område på 30x40 m. som ligg kystnært.

Dette med tanke på Redningshelikopter og Luftambulansse sin innflygning.

Redningshelikopter kan komma til Kvinnherad uansett værtilhøve så lenge dei kan følgja kysten inn.

Arealet på austsida av brannstasjonen på Husnes kan vera eit godt egna område og ligg i nærhet av helsehus og politi.

Det er viktig med god plassering av landingsplass når situasjonen er tidskritisk.

Landingsplass skal òg nyttast til redningsaksjonar og øving.

I dag er landingsplass for redningshelikopter på bakkane på Helland. Den muligheten forsvinn når dyra kjem på beite.

Spørsmål 1.

Har Kvinnherad kommune ein plan for landingsplass for luftambulansse og redningshelikopter?

Svar:

Helikopter frå luftambulansse vil kunna landa dei fleste stadar, og ved kritiske hendingar kan det vera ønskjeleg å landa så nært den skadde som mogleg. I slike situasjonar har helikopteret ved behov kommunikasjon med lokal brann- og redningsteneste for å få oppdaterte forslag til landingsplass. Mannskapa i Kvinnherad brann og redning er godt trente til å kunna bistå helikopteret med relevant informasjon, som til dømes lause gjenstandar, værhøve, linjer etc. Redningshelikopteret, SAR Queen, er operert av forsvaret, og det er 330-skvadronen som dekker Kvinnherad kommune. Det er førehandsdefinerte landingsplassar for redningshelikopteret i kommunen, både med og utan landingsignal. Ved akutte behov vil helikopteret landa der det er nødvendig, eventuelt heisa pasienten opp i helikopteret.

Kommunane har ikkje krav om at den skal stilla med landingsplassar, men det vil kunna vera fornuftig at kommunen bistår og legg til rette for landingsplassar etter ønskje frå 330-skvadronen. Kommunen har såleis vore i dialog med 330-skvadronen for å få meir informasjon om etablerte førehandsdefinerte landingsplassar og eventuelt behov for fleire. Denne dialogen vil fortsetta for å sjå kva kommunen kan gjera for å leggja til rette for effektiv evakuering og at kommunen blir ein god øvingsstad. Ein må såleis koma tilbake til kommunestyret kring resultatet av dette arbeidet.

Spørsmål 2.

Kva blir landingsplass når dyra kjem på beite på Helland?

Svar:

Helland er ein av dei førehandsdefinerte landingsplassane som redningshelikopteret har i kommunen. Slik nemnd i svaret over vil helikopteret ha fleire alternativ for å evakuera pasientar. Behovet for fleire førehandsdefinerte landingsplassar vil vi koma tilbake til etter at vi har halde fram dialogen med 330-skvadronen.

Gunnar Helleland, INP

Utviding av parkeringsplassen ved Ågotelv hytte felt.

Har fått førespurnad I frå hyttefeltet Ågotelv sin talsperson, om det er mogeleg å få eit forenkla løyve til å utvida parkeringsplassen ved vegen mot Blådalen.

Hyttefeltet har vore i kontakt med SKL om gratis tunell stein når dei driv tunell ved Staffi. SKL er positive til dette, men dei kan ikkje levera steinen før Kvinnherad kommune som er grunneigar seier dette er OK for dei.

Hyttefeltet har også sendt ei skisse til kommunen om korleis dei ser for seg utvidinga av parkeringsplassen.

Ved bruka av litt sunn fornuft vil ein sjå at ei utviding av parkeringsplassen fram står som ein vinn-vinn-situasjon for fleire partar:

- Hytteeigarar får betre tilkomst og kapasitet, spesielt om vinteren.
- Kommunen får eit ryddigare og meir funksjonelt område utan eigne kostnader.
- Turistar og friluftsfolk får betre parkeringsmoglegheiter i eit populært turområde.
- SKL får ei praktisk løysing for mellomlagring når dei har behov for plass.

Spørsmål:

Kan ordføraren ta saka opp med administrasjonen og be dei vurdere korleis utvidinga av parkeringsplassen ved Ågotelv kan løysast på ein enkel, rask og hensiktsmessig måte?

Svar:

Kommuneadministrasjonen vart i fjor haust kontakta av Ågotelv hyttelag om dette, og det vart da gjort vurderingar av kommunen både som grunneigar og forvaltningsmyndigheit. Dei omsyn og fordelar som representant Helleland nemner var del av vurderingane. I tillegg kjem også beiteinteressene i området, sidan Bjørnebøle beitelag har ei samlekvie på staden.

Konklusjonen var da, og no, at kommunen som grunneigar er positive, og at det må søkjast om løyve og dispensasjon etter plan- og bygningslova. Hyttelaget er informert om dette og at dei må stå for ein slik søknad. Hyttelaget må gjerne ta kontakt med kommunen om det er behov for vidare rettleiing.

Wermund Vetrhus, SV

Sender over spørsmål til Ordførar angående plangruppa som kommunestyret oppretta seint i 2024.

PS 2024/119 Politisk arbeidsgruppe plansaker oppretta kommunestyret ei politisk arbeidsgruppe for plansaker. Mot 11 stemmer.

Eg har hørt dette blitt omtala som eit Ad Hoc-utval. Som er nemnt i eit særskilt kort avsnitt i vårt politiske reglement. Eg har leita i kommunelova, offentleglova og arkivlova. Mogleg eg er dårleg å leita. Men eg har ikkje funne svar. Kva er eigentleg eit ad hoc utval? Kva paragraf i lova har ein heimla denne gruppa i?

I korkje politisk reglement eller vedtaket er det synt til kva lov, forskrift eller paragraf vi oppretta denne eller andre grupper i samsvar med. Og eg undrar på om ikkje vedtaket, arbeidsmåten til gruppa, evt begge deler er i strid med lova.

Denne gruppa arbeider hovudsakleg med kommuneplanen sin arealdel. Gruppa har etter vedtaket ikkje vedtaksmynde, det er greit. Men den jobbar skjult frå resten av kommunestyret og alle innbyggjarane, stikk i strid med lova, slik eg, og andre eg har rådført meg med forstår ho. Så, Ordførar, nokre enkle spørsmål:

1. Er gruppa eit folkevald organ etter kommunelova §5-1?
2. Er det eit utval, eller er det ein komité etter hhv kommunelova §§ 5-7 eller 5-9?
3. Kvar er instruksjonen for denne gruppa som skal vera tilgjengeleg ifølgje kommunelova § 5-13?
4. Kvar kan publikum lett finna informasjon om kven som er med i gruppa?
5. Kvifor er det ikkje sendt ut innkallingar med sakslister slik kommunelova §11-3 krev?
6. Kvifor er møta ikkje ført opp i møtekalenderen slik kommunelova §11-3 i praksis krever? Er denne gruppa så spesiell at den ikkje skal i møtekalenderen? I så fall kvifor det?
7. Kvifor er det ikkje ført referat slik kommunelova §11-4 krev?
8. Kvifor er desse møta i praksis lukka møter i strid med kommunelova § 11-5?

Ordførar: Kvinnherad kommune skal vera ein open og tillitsvekkjande kommune. Vi kan ikkje ha slike hemmelege møter.

Eg ber om at kommunestyret, og innbyggjarane i Kvinnherad kommune, får ta del i den same informasjonen som den engere krets har fått. Med andre ord, at det arbeidet som er gjort blir lagt ut gjennom referat frå kvar enkelt møte. Med oversikt over kven som har fremja ei endring, kven som har støtta og ikkje støtta endringa.

Og at det for all framtid blir slutt på det eg oppfattar som ein ulovleg praksis med møter i løyndom for ålmenta. Eg ber om at alle framtidige møter i ALLE folkevalde organ blir kalla inn i

god tid i forvegen, i praksis 7 dagar, med saksliste, som er offentleggjort, at møta blir lagt inn i kalenderen, og at det blir ført protokoll som blir gjort tilgjengeleg

Svar:

Historikken med politisk oppnemnde arbeidsgrupper for kommuneplanarbeidet strekk seg fleire tiår attende i tid. Gruppene har hatt ulike former, frå ei politisk arbeidsgruppe til politiske verkstader og seinare ei gruppe med leiarar frå posisjon og opposisjon. Arbeidsgruppene har heile vegen hatt rådgjevande funksjon, og ein viktig del av arbeidet har også vore å representere kommunen i møte med regionalt planforum og dialogmøte med fylket og statsforvaltar.

Kommunestyret valde 31. oktober 2024 ei ny gruppe med sju medlemmer og brei politisk representasjon. På bakgrunn av spørsmåla frå representanten Vetrhus har kommunedirektøren teke ein gjennomgang av praksisen med arbeidsgruppa sett opp mot reglane i den nye kommunelova. Mine vurderingar kjem fram av svara i det vidare:

Spørsmål 1: Er gruppa eit folkevald organ etter kommunelova §5-1?

Svar: Arbeidsgruppa er oppnemnt av eit folkevald organ, det er ikkje ei administrativ gruppe, og må så langt eg kan sjå reknast som eit folkevald organ i seg sjølv.

Spørsmål 2: Er det eit utval, eller er det ein komité etter hhv kommunelova §§ 5-7 eller 5-9?

Svar: Kvinnherad har ikkje innført ein komitemodell med dei krava som følj av § 5-9.

Arbeidsgruppa er dermed eit utval etter § 5-7.

Spørsmål 3: Kvar er instruksen for denne gruppa som skal vera tilgjengeleg ifølj kommunelova § 5-13?

Svar: Oppgåvene til gruppa går fram av kommunestyrevedtaket sine punkt 1 og 3.

Spørsmål 4: Kvar kan publikum lett finna informasjon om kven som er med i gruppa?

Svar: Medlemmene av gruppa er offentlig tilgjengeleg i protokollen til kommunestyret, som er publisert på kommunen sine heimesider.

Spørsmål 5: Kvifor er det ikkje sendt ut innkallingar med sakslister slik kommunelova §11-3 krev?

Svar: Kommunedirektøren vil rette opp i dette slik at det for framtida vert sett opp sakliste og sendt innkalling i tråd med krava til folkevald organ.

Spørsmål 6: Kvifor er møta ikkje ført opp i møtekalenderen slik kommunelova §11-3 i praksis krever? Er denne gruppa så spesiell at den ikkje skal i møtekalenderen? I så fall kvifor det?

Svar: Paragrafen gir ikkje eksplisitte reglar for dette, men Kommunedirektøren vil legge arbeidsgruppa sine møte inn i møtekalenderen på vanleg måte for folkevalde organ. Det vil bli oppretta eige fane på kommunen sine heimesider under «styre, råd og utval».

Spørsmål 7: Kvifor er det ikkje ført referat slik kommunelova §11-4 krev?

Svar: Kommunedirektøren vil rette opp i dette slik at det for framtida vert sett opp møtebok etter møta i tråd med krava til folkevald organ.

Spørsmål 8: Kvifor er desse møta i praksis lukka møter i strid med kommunelova § 11-5?

Svar: Møta er ikkje kunngjort og publisert slik dei burde vore, men dei er heller ikkje haldne hemmelege og dei er ikkje lukka etter lovens bokstav. Kommunedirektøren ønskjer at dei demokratiske prosessane skal vere opne og vil sørge for arbeidsgruppa sine møte blir lagt i møtekalenderen for politiske utval og at innkalling og møtebok heretter blir sett opp og gjort offentlege.

Thomas Eide, INP

1) Oppfølging etter PTM: Vetle bru (Kv1179) i Uskedalen (BK8)

Dette gjeld Vetle bru over Tverrelva på kommunal veg Kv1179 i Uskedalen, på vegen vidare opp mot Musland. Brua er ei av flaskehalsane som gjer at strekninga i praksis har BK8 / 8 tonn akseltrykk. Dette hindrar lovleg framkome for tyngre køyretøy som landbruk, skogbruk og næringsliv er avhengige av.

Me tok opp dette i PTM for om lag eitt år sidan, og fekk då følgjande svar frå Sektor Teknikk og Miljø v/einingsleiar Veg og park, Terje Natland:

«Det er to bruer i Uskedalen som gjer at vegen til Musland har Bk8/32 tonn, 12,40 m vogntoglengd.

Haugland bru – over Uskedalselva, mellom Døssland og Haugland på Fv5038

Vetle bru – over Tverrelva på Kv1179

Det er teke initiativ frå landbruksnæringa, skogbruk, om utbetring/forsterking av bru på fylkesvegen.

Veg og park har fått utarbeidd rapport for Haugland bru på kommunal veg.

Rapporten viser at landkar og dragarane på brua ikkje toler høgare belastning enn 8 tonn aksellast.»

Sidan den gong opplever me at lite har skjedd, samstundes som behovet aukar (tyngre køyretøy i landbruket, store mengder tømmer som nærmar seg hogst, og transport knytt til biogassanlegget på Husnes).

Spørsmål:

1. Blir dette arbeid med no og kva konkret oppfølging er gjort det siste året for Vetle bru (Kv1179)?

Svar:

Det blir ikkje arbeid med oppgradering av Vetle bru i Uskedalen no. Eining veg og park har fått utarbeidd eit kostnadsoverslag for opprusting til Bk10/50tonn. Estimaten frå 2020 var på kr 5.000.000.-

2. Ligg det føre ein plan (utgreiing/tiltak) for oppgradering/forsterking eller utskifting av brua, slik at ein kan få høgare brukklasse og lovleg transport?

Svar:

Det ligg ikkje føre plan for forsterking eller oppgradering av brua per no.

3. Dersom det ikkje ligg føre plan: Kva er neste steg, og når kan ein venta ei avklaring om vegen vidare (kostnad/finansiering/framdrift)?

Svar:

Dette er eit stort og tungt prosjekt som må settast av midlar til i budsjettet. Dersom ein vel å ruste opp brua vil truleg tungtrafikken auke og slitasje på Kv1179 auke. Denne må truleg og forsterkast for å tole auke bruksklasse og trafikk.

4. Kommunen driftar kalkstasjonen i Børsdalselva, og ved kalkleveransar passerer større køyretøy: Kva er praksis for dispensasjon i dag, og kor lenge er det aktuelt å basera seg på dispensasjon framfor ei varig løysing?

Svar:

Kommunen kan tilrå dispensasjon for aksellast, men kommunen er ikkje kjent med at det er gjeve dispensasjon for køyring med større aksellast enn tillat.

2) Kommunal veg på Kjærlandssida – asfalt/standard og mogleg samordning med vassleidning.

Asfalten på den kommunale vegen opp dalen på Kjærlandssida er no i så dårleg forfatning at han framstår som moden for utbetring/oppgradering snarast.

Spørsmål:

1. Har Kvinnherad kommune ein plan for utbetring/asfaltering av denne vegstrekninga – og når kan ein realistisk venta gjennomføring?

Svar:

Kjærlandsvegen Kv1179 ligg i planane for opprusting av asfaltdekke. I Hovedplan for kommunal veg er vegen på Kjærlandssido registrert med Bk8, Ønsket Bk10 og tilrådd Bk8 som i dag. Vegen er i Hovedplan tilrådd reasfaltert, sporlagd el, i 2029. Prioritering er ei vurdering som blir teke opp mot andre kommunale vegar. Prioritering av investeringsmidlane P5372, Vegar og kaiar, er planlagt som politisk sak i PTM 10.03.2026.

2. Uskedal vassverk planlegg å trekkja vassleidning frå Haugland og ned til Uskedalen sentrum, og ein naturleg trasé kan vera i/ved vegområdet. Vil kommunen ta initiativ til dialog med Uskedal vassverk for samordning, slik at ein kan kombinera leidningsarbeid og vegutbetring og unngå dobbel graving og unødige kostnader?

Svar:

Det har vore kontakt mellom kommunen og styreleiar for Uskedalen vassverk, og ein vil sjølvstøtt vere med på felles løysing om dette er praktisk og økonomisk fordelaktig for begge partar.

Gunn Marit Vestvik Flatland, H

Den 4. september 2025 var dei tre helselaga i kommunen inviterte til møte hos ordføraren. Under samlinga fekk helselaga servering, og fylkesleiar Rita Tvedten og ordføraren signerte kontrakt om at Kvinnherad kommune skulle bli ein demensvennleg kommune.

Denne dagen vart det også informert om at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe. Helselaga var svært optimistiske, då dette er noko særskilt Rosendal Helselag hadde jobba lenge for skulle bli ein realitet.

Høgre ønskjer no svar på korleis administrasjonen har kome i gang med dette arbeidet:

1. Kor langt har ein kome i prosessen?
2. Kor mange er med i arbeidsgruppa?
3. Kor mange møte har arbeidsgruppa hatt?
4. Har ein starta med opplæring, og eventuelt: kor mange har fått kurs?

Me ønskjer at desse spørsmåla blir besvarte og at det blir gitt ei orientering.

Kommunedirektør svarar:

Svar til spørsmål 1:

Dette er eit tilbod ein gir til butikkar, etestader og andre som kan vera førstelinja i møte med personar med demenssjukdom, og ikkje noko ein kan pålegga nokon å vera med på. Konklusjonen så langt er at ein er kome godt i gang med prosessen, og det er godt å sjå at lokalsamfunnet har teke godt i mot initiativet.

Svar til spørsmål 2:

Arbeidsgruppa består av følgjande personar:

Evelyn Mehl Willumsen, leiar i Hukommelsesteamet

Håvard Sætrevik, informasjonsavdelinga til Kvinnherad kommune

Grethe Brundtland, representant frå Eldrerådet

Eli Roseth Eik, representant frå Uskedalen Helselag/Nasjonalforeningen for folkehelsen

Kjellfrid Bruntveit, pårøranderepresentant

Bente Nilsen, Frivilligsentralen

Lene Vangberg Monsen Frivilligkoordinator institusjon.

Det har ikkje vore endringar av arbeidsgruppa si samansetting etter at den vart publisert på kommunen sine heimesider 14. oktober 2025.

Svar til spørsmål 3:

Det har til no vore to møter med heile gruppa samla, samt arbeidsmøte i mellom desse møta der mellom Mehl Willumsen og Sætrevik har deltatt på eine møte, og Mehl Willumsen og Bruntveit på det andre.

Svar til spørsmål 4:

Til no har 25 personar, butikksjefar og senterleiing på Husnes Storsenter, fått kurset. Her var det veldig nyttig at pårøranderepresentanten var med på møtet.

Det er også gjort avtale om møte med butikkar og etestader innanfor Rosendal Utvikling sin paraply i mars, og gjort intensjonsavtale med biblioteket og Skyss, der ein i løpet av våren kjem til halda kurset for dei i samband med deira respektive personalmøte.

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Vegard Bjørnevik

Ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Leif Ove Mikkelsen